

Herøy Frivilligsentral, årsmelding 2019.

Tenester og oppgåver i avdelinga

Frivilligsentralen skal bidra til å gjere Herøy kommune til ei enno betre kommune å bu i ved å kartlegge, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommunen. Frivilligsentralen skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiljøet/lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. Fs skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar/samanslutningar og det offentlege.

Økonomi.

Overføring frå staten via «Grønt hefte». Det er ikkje lenger krav frå staten om rapportering, vedtekter eller styre for utbetaling av statstøtte.

I tillegg har vi fått tilskot frå Tryg kr. 2 500,- til drift av Natteravnane.

Intern overføring frå helseavdelinga på kr. 55 000,- til dekking av utgifter middagsombringning.

Avsetning til bunde fond: 10 000,- i gáve frå Sparebank1, kr 5 000,- i tilskot frå Tryg til arrangement i regi av natteravnane.

Rekneskapet pr. 06.02.2020 syner eit overskot på 34 227,- , vi held oss innafor spareplanen på 1,7 % som vi vart pålagde å legge fram ved årsskiftet.

Den kulturelle spaserstokken, ansvarsnummer 4015, har dette året nytta kr. 3 620,- .

Herøy kommune fekk tildelt kr 87 951,- for bruk i 2020.

Organisasjon.

Eigar: Herøy kommune, Kulturavdelinga, ved Eileen Gjerde.

Styret: Sigurd Nygard - leiar. Karl Anders Brendmo - nestleiar. Solfrid Hageman, Sylvi Lillebø og Magne Nærø - styremedlemmer.

Dagleg leiar: Britt Paulsen.

Årsmøte: sak 2018/1681, omorganisering, er under handsaming av kommunestyret.

Møter: Personalmøte kulturhuset 2, nettverksmøte 4, styremøte 1, rehabiliteringsteamet 1, NAV faste planleggingsmøter kvar måndag + 4 møter med leiar i NAV. Dialogmøte «leve heile livet» 2, Fagsamling for frivilligsentralane to dagar, arbeidsmøte internasjonal julefest 5, leiarmøte kulturavdelinga 6, statusmøte 2.

Frivillige lag og organisasjonar

Utlån av lokalet: Herøyspelet 2, fag forbundet 8, Reumatikerforeninga 11, Brystkreftforeninga 2, Norsk foreining for utviklingshemma (NFU) 1, Herøy treffet 3, Personskadeforeninga 2, Herøy Arbeiderparti 8, Herøy Høgre 1, Herøy LAN 2, BIL handball 4, Amcar 1, Miljøagentane 1, Barnas turlag 1, Herøy Brass 4, Herøy ungdomsråd 1, Ungfestival 1, Runde fyr 1, Herøy senioruniversitet 2, Herøy frimerkeklubb 1, NAV jobbmesse 1, «saman for Fosnavåg» 1, flyktningtenesta 3.

Liste over lag og organisasjonar vert oppdatert fortløpande. **Påminning** sendast ut nokre gongar pr år. Lista ligg tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Tilskot og prosjektmidlar vert sendt ut tilbod fortløpande.

Frivilligprisen tildelast ein gong pr. år i samarbeid med Mørretrygd som støttar dette med ei pengegåve på kr 5 000,-. Juryen består av styret og dagleg leiar. Dei beslutta å gi årets pris til

Lisa Pinheiro Leinebø, Marlene Wolden og Anita Reite Onen for deira arbeid med tiltaket «Klede til glede».

Møteplassar, integreringstiltak, bulyst og førebyggjande folkehelse.

Strikkecafè: Kvar torsdag på dagtid, og to kveldar med inviterte forhandlarar. Vi har hatt svært godt besøk og dette er no ein godt etablert møteplass for folk i alle aldrar.

Eldrebølgen: Her er utgangspunktet omsorgssentera både i Myrvåg og på Eggesbønes. Dette er eit trivselstiltak for eldre, både på institusjonane og heimebuande. Vi går tur i nabolaget, eller trimmar innandørs når det er dårleg ver. Samarbeid med Pensjonistlaget og LHL.

Jobbkafè: Vart starta opp i februar etter initiativ frå leiar i NAV. Jobbkonsulent i NAV og dagleg leiar i Frivilligsentralen samarbeider om dette tiltaket. Prosjektleiarar har arbeidstrening i Herøy kommune og vert rekrutterte inn via NAV. Det har i 2019 vore 3 personar i denne arbeidstreninga. Prosjektet vert tilpassa etter kvart og er under utvikling. Samarbeidsavtale pr. 09.07.2019 NAV/Frivilligsentralen.

Målgruppe:

Eit tilbod til personar som:

- Er utan arbeid eller arbeidsretta aktivitet
- Vil kome seg ut og treffen folk i same situasjon
- Vil utvikle seg i eit positivt og engasjerande miljø
- Vil vere med på mange ulike aktivitetar

Mål:

Ein møtestad der ein kan treffen folk i same situasjon, og skal tilrettelegge for ulike aktivitetar. Ein stad for samhald og utvikling, og har som mål å få den einiske arbeidssökjar ut i løna arbeid eller anna aktivitet.

Vi har hatt eit variert og rikt program med ulike aktivitetar som er tilpassa konseptet. Her har vore stort fokus på innhald som aukar kunnskap om samfunn og arbeidsliv. Vi har arbeidd mykje med CV, jobbsøknader, foredrag frå ulike arbeidsgjevarar og bemanningsbyrå. Her har vore besøk av både vararordførar og ordførar, der deltakarane har fått førebudd spørsmål som opptek dei i forhold til samfunnet og kommunen sitt ansvarsområde. Vi har også hatt mykje informasjon om frivillig arbeid, litt matlaging og nokre turar i nærmiljøet for det sosiale.

Gruppe 1 (februar – juni): Av 24 deltagarar har 13 gått over i arbeid eller arbeidsretta tiltak.

Gruppe 2 (august – desember): Av 26 deltagarar har 8 gått over i ordinært arbeid eller arbeidsretta aktivitet, 2 er vidare i tiltak som er kompetansehevande, 8 er ikkje klar for arbeid av ymse årsaker og 4 står att utan vidare tiltak.

Første gruppe var vi lokalisert i frivilligsentralen, andre gruppe var vi hovudsakleg lokalisert i nyskapingsparken.

Tv-aksjon: Gjekk i år til Care. Vi fekk i år god hjelp av Sanitetskvinnene og det var full bøssebærardekning, samt mykje bra aktivitet på Rådhuset, skular og barnehagar. Herøy hamna på ein 10.plass i fylket og fekk kr. 57,08 i snitt pr innbyggjar.

Den kulturelle spaserstokken:

Dagleg leiar i Fs er kontaktperson i kommunen. Arbeidsgruppa består av personell frå avdelingane på omsorgssentra. Etter søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune får vi midlar til arrangement for eldre og hjelpetrengande. Det vart i denne gruppa beslutta ikkje å søkje nye midlar til bruk i 2019, då

vi hadde mykje midlar ståande ved søknadsfristen som er tidleg haust. Desse midlane fekk bein å gå på då vi hadde svært mykje aktivitet i regi av DKS på omsorgssentera hausten 2018. Det resulterte i betydeleg mindre aktivitet i 2019 og vi har difor hatt kun eitt arrangement i forbindelse med julebordet til Pensjonistlaga, der Oddgeir Bruaset vart hyrt inn til eit foredrag om «Der ingen skulle tru, at nokon kunne bu».

Radiobingo:

Frivillige står for organisering og gjennomføring av denne møteplassen, kvar måndag, kveldstid. I haust vart det lite besøkjande, og ein beslutta å sette det på pause.

Middagsombringning: Vi kører ut middag i heile Herøy to dagar pr. veke, i tre ulike ruter pr. dag. Det var vorte levert ut ca. 3000 middagar, og det frivillige arbeidet utgjer ca 30 % stilling. Dei frivillige nyttar eigne bilar til denne tenesta og vi har køyrt nærmare 14000 km (140 mil). Det er ei fast kjerne på 13 personar som kører etter oppsett turnus. Dette året har 5 nye frivillige meldt seg til dette arbeidet. Dei frivillige får køyregodtgjersle, og vi arrangerer «sjåførkaffi» om lag ein gong pr. månad. Brukarar må ha vedtak frå pleie- og omsorgsavdelinga for å få bringa mat heim til seg. Kjøkkenet på Herøy omsorgssenter leverer maten.

Høyrselshjelp:

Likepersonar frå Høryselsforbundet kjem to gongar i månaden og gir hjelp og rådgjeving til dei som treng det. Om lag 60 personar har vore innom å fått hjelp dette året. Sal av batteri er også ei teneste som frivilligsentralen yter utanom høyrselshjelpa.

Natteravnane:

Har eit eige styre på 6 personar, desse byter på å orientere foreldre og andre som skal vere natteravn, fortrinnsvis fredagar, i forbindelse med ungdomsklubbane som har ope då. Dei ravnar også under festivalar, enkelte dagar i russetida, kan også reise ut av kommunen og ravne dersom det er behov for det.

Strøsand til eldre i Herøy.

Det har også dette året vorte delt ut Handstrøbokser, kjøpt inn av prosjektmidlar frå Gjensidigestiftelsen som vi fekk i 2017.

Internasjonal julefest i Herøy kyrkje.

Den tradisjonelle julefesten vart dette året arrangert laurdag 5. januar. Frivilligsentralen bidreg med arbeidskraft og litt økonomisk støtte til innkjøp av mat. Denne festen er eit samarbeid mellom Herøy kyrkje, Herøy frikyrkje, flyktningtenesta og frivilligsentralen. Det var eit rikt og variert program, og mange besøkande frå Herøy og nabokommunene.

Aktivitetsdag for flyktningar på Kjelsund 28. juni.

3 frivillige og dagleg leiar var med å hjelpe til med avviklinga av denne dagen som var ei samling for alle flyktningar i 7-stjerna.

Samarbeidspartar:

*Frivillige lag og organisasjoner.

*Kulturavdelinga.

*Nettverk søre Sunnmøre.

*Herøy kyrkje.

*Herøy frikyrkje.

*Internasjonal skule.

*Natteravnane: Ungdomsarbeider, FAU, MOT, Ytre Herøy ungdomskule, Stokkesund skule, Møre barne- og ungdomsskule, Politiet, Herøy kyrkje.

*Pleie- og omsorgsavdelinga.

*Flyktningetenesten.

*Eldrerådet.


*NAV

Marknadsføring: Vestlandsnytt med annonser, artiklar og omtaler. Servicetorget, facebook, instagram, snapchat, heimeside, plakatar, oppslag, flyers, epost, sms, videofilm frå «Eldrebølgen» og «Jobbkafè», og omtale frå fornøgde brukarar.

Utfordringar/prioriteringar 2020:

Arbeide vidare med gode samarbeidspartar, marknadsføring, vere opne for nye tiltak og tilskotsordningar. Arbeid med HMS på arbeidsplassen.

Fosnavåg 07.02.2020


-Sigurd Nygard-


-Britt Paulsen-